



INSPIRERER

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

OS, 02.02.2006

Saksnr.
05/2365

Arkivkode
233 &13

Avd/Sek/Saksb
OS/ORG/GSH

Deres ref.

MELDING OM VEDTAK.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING FRÅ OS KOMMUNE,... INNSTILLING

Os Formannskap behandla i møte 31.01.2006 sak 3/06. Følgjande vedtak vart gjort:

Os kommune (Hordaland) vil gje følgjande uttale til Borgeutvalets innstilling til nytt inntektssystem for kommunane, NOU 2005:18;

1. Os formannskap finn det urimeleg at Borgeutvalet vil gå attende til eit år gamle innbyggjartal som grunnlag for framtidig utrekning av innbyggjartilskot og utgiftsutjevning. Inntektssystemet bør sikra den einsskilde kommune best mogeleg samsvar mellom skatteinntektene og rammeoverføringane på den eine sida, og det reelle utgiftsbehovet på den andre sida. Dette vert best ivaretatt med oppdaterte innbyggjartal pr 01.01 budsjettåret, og allerhelst pr 01.07 i budsjettåret.
2. Os formannskap vil også peike på dei store kapitalkostnadane som kviler på vekstkommunane. Ny infrastruktur må byggjast ut, og finansierast, for å møte folkeveksten. Kostnadane med ny infrastruktur som barnehage, skular, vegar o.l. kjem som oftast før auken i inntektene frå nye innbyggjarar. Agenda Utredning og Utvikling har tidlegare berekna verdien av dei investeringar den einsskilde innbyggjar har i infrastruktur i kommune-Norge, til gjennomsnittleg 65 000 kroner. Dette er investeringar tilflyttarar ikkje har med seg frå tidlegare heimkommunar. Formannskapet meiner difor det er rimeleg at det vert innarbeida eit eige vekstkriterium i inntektssystemet, t.d. basert på auka kapitalkostnader.
3. Os formannskap syner elles til rapporten, *Vekstkommunene – Uttalelse til Borgeutvalgets innstilling*, utarbeida av Agenda Utredning og Utvikling. Formannskapet ber om at rapporten i sin heilskap vert oversendt til Kommunal- og regionaldepartementet som høyringsuttale frå Os kommune. Os formannskap syner spesielt til samandraget i rapporten på side 7 og 8, og sluttar seg til alle dei fire tiltaka som vert fremja;
 - Oppretthalda bruken av oppdaterte innbyggjartal pr. 01.01 budsjettåret som grunnlag i inntektssystemet.
 - Ta med barnehagekostnadane i utgiftsutjevninga.
 - Ta med kapitalkostnader knytt til folkevekst.
 - Ta bort dei rikaste kommunane ved berekninga av den relative vektinga av tenestesektorane.

Med helsing

Gunvor S. Heggland

Konsulent

ADRESSE

Rådhuset
Torggata 7
Pb.84, 5202 Os

TELEFON

Sentralbord: 56 57 00 00
Telefax: 56 57 50 01
Dir. innval: 56 57 50 20

WEB/EPOST

postmottak@os-ho.kommune.no
www.os.hordaland.no

INFO

Bankgiro: 6525.05.05676
Org.nr.: 844 458 312